

Retningslinjer - drift av nettstaden www.josneset.no

1. Domenenamn er [www.josneset](http://www.josneset.no) og www.josneset.no med adresse 4146 Skiftun. Tilhøyrande Jøsneset Bygdaråd.
2. Formålet med www.josneset.no er:
 - * profilere Jøsneset på ein positiv måte som gjer det interessant å bu, arbeide og feriere her.
 - * fremje Jøsnesbygda sine interesser
 - * gi aktivitetsoversikt: vår moderne tids ”oppslagstavle”
 - * leggje ut store og små nyhende frå bygda og nærmiljøet
 - * informere om laga sine oppgåver og aktiviteter.
3. Målgruppa er: bygdafolk, hyttefolk, utflytta Jøsnesbuar, andre med tilknytning til Jøsneset og andre rundt i lokalmiljøet eller verda som har lyst å vite meir om Jøsnesbygda
4. Redaksjonsstaben består av 3 personar; vald på årsmøtet i Bygdarådet. Desse skal ha redaktøransvar med omsyn til redaksjonelle retningslinjer, og har ansvar for framtidig drift i tråd med formålet.
5. Det er kun redaksjonsstaben som har redigering- og publiseringstilgang, og stoff til sida skal sendast inn via desse valde personane. Redaksjonsstaben skal gå aktivt ut å oppmode folk om å bidra med stoff til sida.
6. Den redaksjonelle linja skal baserast på ”vær varsam-plakaten”, og skal vere politisk og religiøst uavhengig. Nettstaden skal òg driftast i samsvar med reglane i ”Redaktørplakaten”. Artiklar og lenkjer skal vere moderert, kontrollert og skal ikkje ha krenkjande innhald. Det skal òg vere eit klart skilje mellom annonsar, reklame og redaksjonelt innhald.
7. Hovudmålforma skal vere nynorsk.
8. Nettstaden fungerer som ”nyhende”-kanal, og det enkelte laget har sjølv ansvar for å få ut aktuell informasjon om sitt lag/sin aktivitet.
9. Aktive lag i bygda får kvar si e-postadresse.
10. Den som får publiseringsrett til domenet skal vere kjend med målet for sida, og skal ha eit sjølvstendig ansvar for å følgje retningslinjene for utlegging av stoff.
11. Det kan seljast annonser til næringsdrivande og andre interesserte. Annonse (m/ev link) må ha relevans for Jøsnesbygda og/eller lokalt i kommunen. Annonsepris: kr 2000,- pr år i sidefelt på framsida.
12. Nettstaden er basert på frivilligheitsprinsippet, og ein skal ikkje ha overskot utover det som er naudsynt for å sikra framtidig drift. Medlemmer i redaksjonsnemda skal ikkje motta honorar eller kompensasjon for arbeid med nettstaden. Ev honorar skal gå til ”felleskassen” til drift av nettstaden.
13. Avvikling av nettstaden skal kun skje etter avgjerd på årsmøte i Bygdarådet. Dersom nettstaden blir avvikla skal nettstaden sitt elektroniske innhald lagrast på digitalt medium. Domenet www.josneset.no skal i så fall ikkje lenger ligge på ein nettsjerver eller vere søkbart på internett.